
Saknr: 2020/2062-1
Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.02.2020

Tilskotsordning – Tilskot til inkludering og mangfald 2020

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vil løfte den frivillige innsatsen i Vestland fylke gjennom tilskot til frivillige organisasjonar/institusjonar som arbeider på regionalt nivå innan inkludering og mangfald.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for Tilskot til inkludering og mangfald, jf vedlegg 1.

Samandrag

I vedteke budsjett for Vestland fylkeskommune for 2020 er det sett av 1,3 mill kroner som tilskot til «Ymse tiltak» til lag og organisasjonar som ikkje naturleg høyrer inn under dei andre tilskotsordningane i fylkeskommunen. Forvaltninga av tilskotsordninga må sjåast i samanheng med fylkeskommunen sine nye oppgåver innan integrering og inkludering, arbeidet for å motverke utanforskap, og å fremme samfunnsdeltaking. Ordninga får difor namnet Tilskot til inkludering og mangfald.

Hovudutvalet handsamar i denne saka retningsliner for tilskotsordninga. Tilskotsordninga vert lyst ut med søknadsfrist 15.mars 2020. Søknadane vert lagt fram for hovudutvalet til handsaming i april 2020.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Elisabeth Bjørsvik
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg:
Retningslinjer for *Tilskot til inkludering og mangfald 2020*.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka:

Vestland fylkeskommune har overtatt fleire integreringsoppgåver frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) frå 01.01.2020. Ei av desse oppgåvene er regional oppfølging av frivilligheit og samfunnsdeltaking.

Begge dei to tidlegare fylkeskommunane har i sine vedtekne regionale kulturplaner hatt fokus på inkludering, utan at det har vore etablert særskilde tilskotsordningar. Ei sentral oppgåve for den nye fylkeskommunen er oppfølging av frivilligheit og samfunnsdeltaking. Medan integrering er knytt til innvandrarar, er inkludering eit breiare omgrep som femner om alle som fell utafør. Det å bygge ned tersklar for deltaking vil såleis vere viktig for alle samfunnsgrupper. Til dei nye oppgåvene fylkeskommunen har fått innan integrering, følgjer det nokre spesifikke tilskotsordningar knytt til opplæringstiltak og sysselsetting. Det er derimot ingen tilskotsordningar som har ei breiare tilnærming til samfunnsdeltaking. Dette er eit argument for at tilskotsordninga som vert handsama her har eit slikt breiare utgangspunkt.

Utkast til retningslinjer for bruken av midlane følgjer saka som vedlegg 1.

Vedtakskompetanse:

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering, jf pkt 3 i vedteke reglement for hovudutvalet.

Vurderingar og verknader:

Inkludering handlar om å bygge ned tersklar for deltaking, medan integrering er tett knytt til innvandring. Dei nye oppgåvene innan integrering handlar om busetnad, rettleiing til kommunane i deira kvalifiseringsarbeid, forvaltning av tilskotsordningar og arbeid med kulturforståing. Fylkeskommunen har fått overført lønsmidlar og nokre tilskotsmidlar frå staten (etablereroplæring, mentor- og traineeordning og jobbsjansen del B) knytt til integreringsarbeidet. Desse tilskotsordningane vert drøfta i andre saker.

Vestland fylkeskommune vidarefører elles ei rekkje tilskot frå dei to tidlegare fylkeskommunane som skal støtte opp under eit aktivt kultur- og idrettsliv og frivillig arbeid i heile Vestland fylke. Mange av ordningane har eksistert over tid, og vert justert ved etableringa av Vestland fylkeskommune, jf andre saker. Fleire av ordningane, t.d. ordningar som skal støtte opp om, og fremje kultur, idrett og friluftsliv har også innebygt eit inkluderingsperspektiv, noko Vestland fylkeskommune også legg vekt på i tenestutvikling t.d. innan bibliotek og kulturformidling.

Overføringa av oppgåva «regional oppfølging av frivilligheit og samfunnsdeltaking» knytt til integreringsarbeidet gir eit tilleggsmandat som fylkeskommunen har gode føresetnader for å ivareta og vidareutvikle over tid.

Det er i budsjett 2020 lagt inn 1,3 mill kroner i tilskot til «ymse føremål». Midlane som har hatt eigne retningslinjer, er flytta frå økonomi- og organisasjonsavdelinga i gamle Hordaland fylkeskommune, til sektorbudsjett for Avdeling for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune. Retningslinjene/kriteria har vore relativt enkle:

- Tilskot går til tiltak som kjem Hordalands-samfunnet til gode, og ligg innanfor kjerneområda for fylkeskommunen si verksemd.
- Tilskotet går til tiltak som understøttar hovudmåla som går fram av utviklingsplan for Hordaland.
- Tiltaket kjem ikkje inn under andre HFK-ordningar
- Gjennom tildelingane skal det søkjast å oppnå ei viss rullering mellom søkjarar, for å sikre at flest mogleg aktørar vert tilgodesett.
- Midlar som ikkje vert nytta ut frå gjevne vilkår, kan krevjast betalt tilbake

Midlane har m.a. vore nytta som tilskot til Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO), Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar (SAFO), FRI Bergen og Hordaland, m.fl.

Det ligg føre fleire søknader for 2020 om fylkeskommunalt tilskot ut frå den vedtekne ordninga i tidlegare Hordaland fylkeskommune.

Fylkesdirektøren meiner ordninga må rettast inn mot frivillige organisasjonar/institusjonar som opererer regionalt på området inkludering og mangfald, og som naturleg ikkje høyrer heime under andre, etablerte ordningar i fylkeskommunen. Ordninga må sjåast opp mot at fylkeskommunen både har fått nye oppgåver innan integrering (regional oppfølging av frivilligheit og

samfunnsdeltaking), og at fylkeskommunen tydeleg signaliserer eit omfattande inkluderingsperspektiv. Fylkeskommunen skal operere i eit samfunn i endring der mangfald er eit viktig perspektiv, og der arbeid for å redusere utanforskap står sentralt, jf også at fylkeskommunen legg FN sine berekraftsmål til grunn i alt sitt planarbeid.

Målet med tilskotsordninga er å stimulere til å bygge ned stengsler for, og sikre samfunnsdeltaking på brei basis, motverke utanforskap, bidra til variasjon og mangfald i tilbod og aktivitetar, og fremme kunnskap om og respekt for ulike kulturar, demokrati og menneskerettar.

Effekten av ordninga må kunne forventast å vere større grad av deltaking i samfunnsprosessar, variasjon og mangfald i tilbod og aktivitetar over heile fylket, auka kunnskap om og respekt for ulike kulturar, toleranse for andre sine haldningar og legning, demokrati og menneskerettar. Det må arbeidast vidare med å utvikle indikatorar her. Dette høyrer inn under avdelinga si satsing på kulturstatestikk for Vestland.

Tilhøve til overordna planer og samfunnsoppdrag

Regionale kulturplaner:

I regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 har som mål at kulturlivet i Hordaland skal vere prega av mangfald, likeverd og likestilling. I regional plan for kultur for Sogn og Fjordane 2019-2027 er det i hovudtema 2; deltaking og oppleving lagt vekt på å fremje mangfald, fellesskap og inkludering m.a. gjennom å styrkje samarbeidet mellom fylkeskommunen, kommunane og frivillig sektor om tiltak som fremjar inkludering.

Regional planstrategi:

I førearbeid til regional planstrategi vert det peikt på fleire hovudutfordringar for Vestland; likeverdige samfunn, eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv og ungdom - trivsel og tilhøyre. Det er vedteke at FN sine 17 berekraftsmål skal ligge til grunn for planstrategien.

Samfunnsoppdraget.:

Fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar er førande for det arbeidet fylkeskommunen gjer på heile kultur-, idretts-, integrerings- og inkluderingsfeltet. I budsjett 2020 er Vestland fylkeskommune sitt samfunnsoppdrag skildra slik: *Vi set retning, engasjerer og samhandlar for å utvikle gode tenester og eit framtidsretta Vestland.* Som visjon er sett *Nyskapande og berekraftig.*

I politisk plattform for samarbeid mellom fleirtalskonstellasjonen i fylkestinget er det fleire stader peika på fylkeskommunen sitt ansvar for integrering og inkludering, for tenesteutvikling, og rolla som tilretteleggjar for frivillige aktørar.

Realisere mål:

Utvikling og forvaltning av denne tilskotsordninga skal vere med å realisere dei mål som ligg i vedtekte planer. I forvaltninga av ordninga må vi ha eit blick på dei utfordringane som er omtalt i utfordringsdokumentet for regional planstrategi, og samfunnsoppdrag og visjon for fylkeskommunen er vegvisarar og gir retning for arbeidet.

Ordinga:

Ettersom dette er midlar som har hatt ei innretning og retningsliner, og som no teknisk er flytta i budsjettprosessen, er det fylkesdirektøren si tilnærming at vi i denne omgang utviklar retningsliner som tek opp i seg dei føringane som har ligge der frå før, samstundes som vi også signaliserer ei tydeleg føremålsinnretning i høve inkludering, deltaking og mangfald.

Forvaltninga av ordninga må vere føreseieleg for dei frivillige aktørane, og vi må sjå på 2020 som eit overgangår mellom det som har vore, og det som skal komme. Eventuelle større endringar i innretning av ordninga må takast som oppfølging av framtidige planprosessar og prioriteringar. Så må rammeverket for tilskotsordningane i Vestland fylkeskommune vidareutviklast slik at dette er mest mogleg likt, og der føremål og innretning på ordningane vert tydeleggjort. Denne ordninga får namnet «Tilskot til inkludering og mangfald».

Vidare prosess:

Tilskot til frivillige organisasjonar/institusjonar som arbeider innan inkludering og mangfald vert lyst ut med søknadsfrist 15. mars 2020. Handsaminga av søknadane vil komme til hovudutvalet sitt møte i april.

Fylkeskommunen bør ha intensjon om å kunne handsame søknadane tidlegare på året i kommande år. Vi vil bruke 2020 til å hauste erfaringar, og vil saman med erfaringar frå dei andre tilskotsordningane eventuelt gjere justeringar frå 2021.

Økonomi:

Denne saka legg føringar for bruken av tilskotsmidlar som ligg i budsjett 2020. Ordninga vert lyst ut og hovudutvalet vedtek fordeling av midlane på bakgrunn av innkomne søknader.

Klima:

Tilskotsmottakarar må vise til klima- og miljøvurderingar/tiltak dei legg til grunn for sitt arbeid.

Folkehelse:

Inkludering har tett kopling til folkehelse.

Regional planstrategi:

Inkludering vil vere relevant i fleire av dei hovudutfordringane for Vestland som er formulert i utfordringsdokumentet som ligg til grunn for arbeidet med utviklingsplan (regional planstrategi) for Vestland, slik som relevant kompetanse og kunnskap, attraktive og gode nærmiljø, fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv, likeverdige samfunn og ungdom - trivsel og tilhøyre.

Konklusjon:

Vestland fylkeskommune har fått nye oppgåver innan integrering. I tillegg har fylkeskommunen eit styrka fokus på inkludering i sitt arbeid. Gjennom etablering av tilskotsordning til inkludering og mangfald vil fylkeskommunen støtte opp under frivillig sektor sitt arbeid på området. 2020 vil vere eit år for overgang, og evaluering. Tilskotsordninga og fylkeskommunen sitt arbeid på området vert utvikla vidare framover gjennom eigne politiske saker, og gjennom framtidig planarbeid.

Retningslinjer for *Tilskot til inkludering og mangfald 2020* vert godkjent slik dei ligg føre i vedlegg 1.